



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	990 83 943	2026/5205-4	«REF»	03.07.2026

Rettleiing knytt til tiltak - 89/1 - Prestegardsvegen 5

Bakgrunn

Kvinnherad kommune vart i vår gjort oppmerksom på at det er starta arbeid på prestegardsløa på eigedom 89/1. Vi var i kontakt per telefon og det vart opplyst at arbeid sett i gang er avklara med kulturminnemynde og vurdert som ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Kommunen fekk tilsendt dokumentasjon 8.juni på tilskot og søknad om dispensasjon frå kulturminnelova. Den 23.06.2026 fekk kommunen kopi av vedtak om dispensasjon frå Vestland fylkeskommune.

Førebels vurdering

Av informasjonen som ligg føre er det påbegynt og planlagt inngrep i berande konstruksjon, fasadeendring og mogleg bruksendring (undervisningsareal, wc og kjøkken).

Frist for tilbakemelding/søknad om tiltak

I tråd med oppfølging av søknadspliktige tiltak vert det sett 12 veker frist for å søke om tiltaket, **25.09.2026**. Dersom det er behov for førehandskonferanse i forkant, ber vi om at dette vert bestilt i god tid ved å fylle ut skjema frå kommunens heimeside.

Minnar om at søknadspliktig arbeid ikkje kan setjast i gang før det ligg føre løyve til tiltak.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.